

01.12.2011

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



RAPPORT

Regionalt tilsynsprosjekt 2011

INNFØRSEL HUND OG KATT



REVENS DVERGBENDELORM

ECHINOCOCCUS MULTILOCULARIS

**SLEPP DEN IKKJE INN
I NORSK NATUR**



Mattilsynet sine tilsynsprosjekt

Eit tilsynsprosjekt er eit tidsavgrensa prosjekt kor verksemda si etterleving av regelverket innan eit fagområde/tema vert kontrollert. Slike kontrollar må førebuast godt og vere samkøyrde slik at ein sikrar lik tolking av regelverk og verkemiddelbruk. For å oppnå dette, vert det difor som regel i forkant av prosjektet gitt god opplæring og rettleiing av alle inspektørar som skal vere med.

Kontrollane i eit tilsynsprosjekt kan vere både tradisjonelle inspeksjonar, revisjonar og prøveuttak og tilsynsobjektet kan vere alt frå store konsern til “den vesle mannen” i gata. I dette høve vart fokuset sett på privatpersonar som var i ferd med eller hadde gjennomført grensepassering med kjæledyr.

Prosjekt kan vere nasjonale, altså gjelde for heile landet og involvere alle eller dei fleste av Mattilsynet sine distriktskontor, eller dei kan også vere regionale/lokale og gjennomførast i avgrensa delar av landet. Dette prosjektet vart gjennomført som eit regionalt prosjekt for Trøndelag, Møre og Romsdal.

Dei regionale tilsynsprojekta vert styrte av Tilsynsseksjonen ved Mattilsynet sitt regionkontor, men planlegging og styring av gjennomføringa er som hovudregel delegert til eit distriktskontor med distriktssjefen som ansvarleg. I dette høve har dette ansvaret vore lagt til distriktskontoret for Trondheim og Orkdal.

Gjennom slike tilsynsprosjekt må det sikrast god informasjonsflyt internt i Mattilsynet, men det er som oftast også krav om at det går ut samkøyrde informasjon til tilsynsobjekta. Mattilsynet får på si side mykje god kunnskap gjennom erfaringane og resultatane slike tilsynsprosjekt gir.

Innhald

INNHALD	3
KAPITTEL 1: SAMANDRAG	4
KAPITTEL 2: BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	5
2.1. BAKGRUNN	5
2.2. MÅLSETTING	5
2.3. ORGANISERING	6
2.4. REGELVERKSGRUNNLAG	6
2.5. GJENNOMFØRING	6
KAPITTEL 3: RESULTAT	8
3.1. TILSYN GJORT VED GRENSEPASSERING	8
3.2. TILSYN GJORT VED CAMPINGPlassar O.L.	9
3.3. OPPSUMMERING AV KORLEIS REISANDE HADDE TILEIGNA SEG NØDVENDIG INFORMASJON OM REGELVERKET	9
3.4. NØKKELTALL FOR INSPEKSJONAR OG VEDTAK	10
KAPITTEL 4: VURDERING	12
4.1. INFORMASJON	12
4.2. HANDTERING VED AVVIK	12
4.3. TILSYN	12
4.4. NYTT REGELVERK GJELDANDE FRÅ 1. JANUAR 2012	13
KAPITTEL 5: EVALUERING	14
VEDLEGG:	14

Kapittel 1: Samandrag

Prosjektet har vore konsentrert om å finne ut om hund og katt som kjem inn til landet er behandla i samsvar med regelverket for å hindre innslepp av sjukdomar vi ikkje har i Noreg (fastlandet). Det gjeld då først og fremst ekinokkose og rabies.

Prosjektgruppa såg tidleg at for å nå målet om å vere med på å hindre uønska innslepp av sjukdomar, var det viktig med godt informasjonsmateriell og gode informasjonskampanjar i tillegg til kontrollar. Tidleg kontakt med naturlege samarbeidspartnarar som Toll, Politi og campingplass-eigarar understreka at dette var noko som var sterkt ønskeleg også frå deira ståstad.

Påvising av ekinokkose i Sverige seint i 2010 gjorde sitt til at fokuset i prosjektet vart ekstra aktualisert.

Det vart planlagt to kategoriar tilsyn:

- ved grensepassering - i dette området vil det si Værnes flystasjon og Storlien (E 14)
- i turisttette område som t.eks. campingplassar

Av dei 97 dyra kontrollerte ved grensepassering, var totalt 81 utan merknad. Det var altså 16 innførslar som ikkje var i samsvar med regelverket. Av desse var det 15 hundar og 1 katt. 13 avvik gjaldt manglande ekinokkosebehandling, dei resterande gjaldt manglande blodprøve for måling av antistoffnivå etter rabies-vaksine. To av hundane som hadde avvik på ekinokkosebehandling kom frå ikkje-listeførte 3.land og skulle ha kome inn over Storskog eller Gardermoen.

Av dei 8 dyra som vart kontrollerte på stader med mykje turistar var det tre med merknad. I alle desse høva var det manglande behandling mot *Echinococcus multilocularis*.

Ser ein på tidsbruk opp mot tal på kontrollerte dyr, syner resultatane frå prosjektet at det er gjennom kontroll ved grensepassering ein får til eit mest mogeleg effektivt tilsyn.

Totalt var det avvik hos 19 av i alt 105 dyr, noko som tilsvarar rundt rekna 18 %. Vurderer ein resultatane i prosjektet opp mot nytt regelverk, er det framleis eit avvik når det gjeld 16 dyr, dvs. omlag 15 %.

Fakta om sjukdommane vi hadde fokus på:

Ekinokkose:

Reven sin dvergbendelorm, *Echinococcus multilocularis*, er ein zoonotisk parasitt som kan forårsake alvorleg sjukdom hos menneske og som i verste fall, kan vere dødeleg. Denne sjukdomen vert kalla alveolær ekinokkose (AE). Sjukdomen opptre sjeldan, også i land som har smitten (om lag 2-3 sjukdomstilfelle/ 1 million innbyggjarar/ år). Det ein likevel ser, er at sjukdomen er på frammarsj. Smittevegane er lite kjende, men er truleg ved inntak av bær, sopp og drikkevatt i tillegg til kontaktsmitte frå dyr. Hos menneske har sjukdomen lang inkubasjonstid (5-15 år) og det er difor særst vanskeleg å finne attende til korleis smitten har foregått.

Parasitten er enno ikkje påvist i Noreg, men frykta for at den skal dukke opp er større no etter at smitten er påvist i Sverige (første gong i Uddevallaområdet i desember 2010, seinare på to andre stader). Prosjektet var planlagt før denne påvisinga, men gjorde det ekstra relevant nettopp fordi faren for innslepp av smitte er auka.

Rabies:

Rabies er ein dødeleg zoonose, det vil seie ein sjukdom som kan overførast frå smitta dyr til menneske der sjukdomsforløpet ofte har dødeleg utgang. Smitteagens er eit lyssavirus. Alle varmblodige dyr er mottakelege for sjukdomen.

Det har vore sterkt fokus på rabies på verdsbasis og det er gjort ein stor innsats for å få både tamme og ville dyr vaksinerte. Dette har medført at sjukdomen faktisk går tilbake.

Kapittel 2: Bakgrunn og gjennomføring

2.1. Bakgrunn

Dei regionale tilsynsprosjekta vert eigde av tilsynsseksjonen ved Mattilsynet sitt regionkontor, men planlegging og styring av gjennomføringa er som hovudregel delegert til eit distriktskontor med distriktssjefen som ansvarleg.

På ei leiarsamling på Smøla i 2010 for Region TMR vart det gjort ei risikokartlegging og aktuelle tema for auka fokus vart sett opp. Ut frå dette vart det sett opp ein plan for aktuelle regionale prosjekt. Tilsyn med innførsel av hund og katt var eit av prosjekta som det vart vedtatt skulle gå i delar av regionen vår i 2011.

Først og fremst var det eit ønske om å sjekke ut i kor stor grad hundar og kattar som kjem inn til landet følgjer krav i regelverket når det gjeld rabies-vaksinering og behandling mot ekinokokkose. Ved planleggingstidspunktet for prosjektet var situasjonen den at det ikkje var påvist ekinokokkose i Sverige, Finland og Noreg(fastland). Desse landa hadde altså status som fri for ekinokokkose. For rabies sin del hadde Noreg (fastland) og Sverige fristatus, medan Finland hadde status som smitta. Rabiessituasjonen er uendra, men Sverige har ikkje lenger status som fri for ekinokokkose. I løpet av etterjulsvinteren (frå februar og utover) vart det påvist at ein rev i Uddevallaområdet i Sverige var smitta med *Echinococcus multilocularis*, om lag 10 mil frå norskegrensa. Seinare på vinteren / våren vart det gjort to nye funn, eit i same området som det første tilfellet og eit i Borlänge kommune, ikkje så langt frå Stockholm.

2.2. Målsetting

Hovudføremålet med prosjektet var å finne ut i kva grad regelverket vert etterlevt hos dyreeigarar som kryssar landegrenser med kjæledyra sine, samstundes som vi ville finne ut på kva måte folk hadde innhenta opplysning om gjeldande regelverk. For å avgrense prosjektet vart hovudfokus retta mot kravet til behandling mot dvergbendelormen (*Echinococcus multilocularis*), og sjekk av pass for å finne ut om denne behandlinga var gjennomført i samsvar med krava. ID-kontroll og sjekk av rabiesvaksinering / antistofftiter skulle også gjennomførast.

Eit anna hovudføremål med prosjektet var å spreie kunnskap om dvergbendelormen (*Echinococcus multilocularis*) og kva for konsekvensar det vil kunne få om den blir ein del av norsk natur.

Målsettinga er formulert gjennom mandatet for prosjektet:

- Planlegge og gjennomføre eit regionalt tilsynsprosjekt som gjennom informasjon og kontrollaktivitet har som mål å unngå spreiding av *Echinococcus multilocularis* i samband med innførsel av hund og katt.
- I prosjektet skal tilsynsaktivitet utførast på grensekontrollstasjonar; for fly på Værnes og for bil på Storlien. Vidare skal område med stor turisttrafikk kontrollerast. Det vert då spesielt tenkt på stader der det er vanleg at utanlandske turistar med hund og katt oppheld seg som til dømes campingplassar. Tanken er å bruke 5 dagar med arbeid i tilknytning til prosjektet for dei distriktskontora som er med (SI,TO, HF, SM, Å - jamfør BDS 2011). Det skal særleg leggjast vekt på god informasjon. Kontrollaktiviteten skal omfatte dokumentkontroll for hund og katt både når det gjeld grensepasseringar og tilsyn knyta til campingplassar, alt etter kva som høver for det aktuelle DK. Det vil bli laga ei sjekklister som skal nyttast til føremålet.
- Aktuelle samarbeidspartnarar er først og fremst Toll og campingplassdrivarar.
- Tilsynsaktivitet skal gå føre seg i tidsrommet medio mai til slutten av juli. Kvart DK finn ut kva som høver best sett opp mot lokale forhold.
- Eit delmål for prosjektet er å kartlegge kunnskapsnivået om gjeldande regelverk for innførsel av hund og katt hos dyreeigarar som passerer / har passert grensa med

kjæledyra sine og i kva grad dette vert etterlevt, for på den måten å målretta informasjonen ut til brukarane våre.

- Sluttrapport skal leverast regionkontoret innan 01.12.

2.3. Organisering

Prosjekteigar for dei regionale tilsynsprojekta er Regiondirektøren, og leiinga for dette prosjektet vart lagt til DK Trondheim og Orkdal. Leiinga ved DK Trondheim og Orkdal på si side delegerte oppgåva som prosjektleiar til Gunnlaug Ribe. Som medlemmar i prosjektgruppa vart det henta inn ein representant frå kvart av fylka i regionen; Knut Arne Rein frå DK Sør-Innherred i Nord-Trøndelag og Liv Rosnes Dollmann frå DK Sunnmøre i Møre og Romsdal. Jostein Dragset har vore regionkontoret sin koordinator for prosjektet.

Distriktskontora for Sunnmøre (DK S), Ålesund (DK Å), Hitra og Frøya (DK HF), Trondheim og Orkdal (DK TO) og Sør-Innherred (DK SI) har vore med i tilsynsprojektet.

Prosjektleiarane for alle dei regionale projekta var samla til informasjonsmøte om gjennomføring i regi av RK TMR i Stjørdal den 24.januar 2011.

2.4. Regelverksgrunnlag

Kravet til ID-merking, behandling mot dvergbendelormen (*Echinococcus multilocularis*) og rabiesvaksinering er å finne i FOR-2004-07-01-1105 *Forskrift om dyrehelsemessige betingelser for ikke-kommersiell transport av kjæledyr*, Kap.III og FOR-2011-03-08-260 *Forskrift om behandling mot ekinokokkose for hund og katt som innføres fra Sverige*.

ID-kontroll og krav til rabiesvaksinering er internasjonale krav som ga oss klar heimel til å gjennomføre planlagde tilsyn også utanom grensepassering (jamfør Matlova § 13).

2.5. Gjennomføring

Tilsynskampanjen vart delt inn i to hovudgrupper:

I: Tilsyn ved grensepassering. Av dei kontora som deltok i prosjektet, var det berre DK Sør-Innherred (SI) dette var aktuelt for. DK SI gjennomførte difor tilsyn ved Værnes flystasjon og ved Storlien grensestasjon på E 14 i samarbeid med Toll. På Værnes har tilsynsperioden vore utvida fram til 1.oktober, noko som har gjort at mange kjæledyr inn til Noreg er blitt sjekka. Dette har vore mogleg sidan Toll har vore villig til å kopiere alle kjæledyrpass i perioden 01.06 – 01.10-2011. Dette har gjort at Mattilsynet i etterkant kunne sjekke om det er gjort rett vurdering og eventuelt sørgje for korrigerande tiltak.

II: Tilsyn ved campingplassar for å sjekke ut dei som hadde kome inn i landet med hund og katt. Her deltok DK Sunnmøre (S), DK Ålesund (Å), DK Hitra/Frøya (H/F) og DK Trondheim/Orkdal (TO).

Prosjektgruppa hadde sitt første møte den 16.02.2011. På dette møtet vart mandatet diskutert og forslag nedteikna, det vart laga plan for framdrift i prosjektet, og dato for avspark vart sett. Kampanjeperiode vart planlagt til sommarmånadane, hovudsakleg juni og juli. Arbeidsoppgåver vart fordelte mellom deltakarane i prosjektgruppa. Sidan utadretta informasjon vart sett på som ein viktig del av prosjektet, vart det diskutert korleis ein best kunne ordne dette. Vi såg tidleg at vi trong informasjonsmateriell både for å oppnå positiv kontakt med aktuelle tilsynsobjekt, men også for å nå flest mogleg med informasjon. Vi tok difor kontakt med Hovudkontoret til Mattilsynet (HK) for å høyre om vi kunne få info-materiell derifrå. Vi fekk opplyst at det var ei eiga arbeidsgruppe som skulle jobbe med dette. Vi avventa difor dette arbeidet.

Neste møte i prosjektet var eit møte med Toll på Værnes flystasjon 04.03.2011. Våre kontaktpersonar hos Toll var Bjørn Arne Sørli og Hallgeir Bjørvik. Knut Arne Rein og Gunnlaug Ribe var til stades frå Mattilsynet. Værnes flystasjon var under ombygging og Værnes Toll (VT)

orienterte om korleis flyten i trafikken med reisande med kjæledyr var planlagt å skulle gå. Toll orienterte om aktuelle hendingar ved innførsel med hund og katt. Det vart anslått at om lag 2 hundar kjem inn i veka over dei to aktuelle grensestasjonane, Værnes og Storlien. Ved oppteljing syner det seg at talet er nærare 6 kjæledyr i veka i snitt. Mattilsynet orienterte om kva ein skal sjå etter i dyra sine pass, og korleis ein skal forhalda seg i ulike situasjonar. Vi opplevde at det syntes å vere bra kunnskap omkring rabies og kva krav som vert stilt der, men mykje mindre kunnskap om ekinokokkose. Toll ba oss om å halde eit informasjonsmøte der fleire frå deira organisasjon kunne vere med for å få opplæring.

Neste møte vart halden den 31.03.2011. Det var då klart at det ikkje ville kome brosjyrar tidsnok sentralt ifrå, og vi vart difor samde om at prosjektgruppa sjølve laga info. Felles innsats i vekene etter dette møtet, og god hjelp frå språkkunnige kollegaer ved DK Trondheim og Orkdal, ga etter kvart som resultat brosjyrer på engelsk, tysk, nynorsk og bokmål.

For eksterne lesarar er eit eksemplar av brosjyren på nynorsk lagt som vedlegg 1 til rapporten.

Prosjektgruppa laga også sjekklister til bruk for tilsynet og ein prosjekttettleiar. Det vart klarert at ein del sentrale erklæringar til bruk for grensestasjonane også kunne nyttast ved tilsyn ute i felt der det var avvik (samtykkeerklæring/ declaration of consent/ deklaracja zgody).

Vi ville gjerne imøtekome Toll sitt ønskje om eit informasjonsmøte med ulovleg innførsel som tema. Det vart diskutert om dette kunne kombinerast med eit avspark-møte for dei som skulle vere med på tilsynsarbeidet i prosjektet. Resultatet vart at vi i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning (DN) inviterte Toll, Politi og Falck Redning AS i tillegg til Mattilsynet sine folk til eit informasjonsmøte. DN orienterte om sitt regelverk (m.a. artar som står på CITES-lista/ raudlista og korleis produkt frå dyr på denne lista kan vere fordekte), medan Mattilsynet sine folk orienterte om prosjektet, om parasitten *Echinococcus multilocularis*, om rabies og om korleis kjæledyrpass best kan kontrollerast. Det vart også halde foredrag om privat innførsel av varer med animalsk innhald og reglar knytta opp mot privat innførsel av planter. Mellom 35 og 40 deltok på dette arrangementet, om lag 10 av desse kom frå Mattilsynet. Prosjektgruppa hadde til slutt ein to timar intensiv gjennomgang av tettleiaren for prosjektet for Mattilsynet sine folk som skulle vere med og gjennomføre tilsyn/ kontrollar.

Det vart anslått at det måtte setjast av om lag 5 arbeidsdagar med prosjektarbeid for dei ulike kontora som har vore med. Ein av desse dagane vart nytta til informasjons- og temadag. Både DK S og DK Å har delteke med minst to personar på tilsyn, DK HF og DK TO har delteke med ein person, medan DK SI har utført den største delen av tilsynet ved hjelp av Toll, men har også vore til stades saman med Toll ved fleire høve. Toll har vore særns nøgde både med opplæring og med oppfølging frå Mattilsynet. Dei har også strekt seg langt for å samle inn opplysningar for Mattilsynet m.a. ved å ta kopiar av alle kjæledyrpass som dei har kontrollert. DK SI har i etterkant gått gjennom dette materialet og har difor kunna kontrollere om avvik har vorte følgde opp på rett måte.

Dei ulike distriktskontora har i etterkant sendt sine resultat og erfaringar til prosjektleiaren som igjen har samla resultatata og erfaringane frå prosjektarbeidet i denne rapporten.

Kapittel 3: Resultat

Målet for prosjektet har vore å sjekke i kor stor grad regelverket for reise med kjæledyr blir følgt (jamfør Forskrift 2004-07-01 nr 1105 om dyrehelsemessige betingelser for ikke-kommersiell transport av kjæledyr). Samstundes har det vore viktig å få ut riktig og god informasjon om kva for uheldige konsekvensar det kan ha om ein ikkje følgjer regelverket når ein tar med seg kjæledyr på reise over landegrensene. Vi har også søkt å finne ut på kva måte ein best når ut til folk med informasjon ved å spørje kor dei så langt har henta informasjon frå.

Av totalt 105 kontrollerte dyr (grensepassering og campingplassar) vart det funne avvik frå regelverket hos 19 dyr, rundt rekna vil det seie 18 % avvik frå regelverket.

3.1. Tilsyn gjort ved grensepassering

- Totalt er 97 dyr kontrollerte, 81 hundar og 16 kattar.
- Totalt var det ingen merknad til 81 dyr (66 hundar og 15 kattar) av 97 dyr kontrollerte ved grensepassering. Av dei 97 dyra er 95 kontrollerte på tollstasjonen på Værnes medan 2 hundar vart kontrollerte på Storlien (Mattilsynet og Toll saman).
- For dyr frå land i kategori I (Sverige) er det innført 13 dyr; 7 hundar og 6 kattar. Ingen merknad på kattane medan det for 3 hundar mangla ekinokokkosebehandling. Desse ble sendt til veterinær for behandling snarast råd. Behandling bekrefta av veterinær. Beskjed om oppsamling og destruksjon av avføring vart gitt. To av desse hundane vart stoppa på Storlien Tollstasjon.
- For dyr frå land i kategori II (vedlegg 2, del A: Irland, Malta, UK) er det innført ein hund. Denne mangla ekinokokkosebehandling. VT kontakta Mattilsynet som sendte hunden til veterinær for behandling. Behandling bekrefta av veterinær.
- For dyr innførte frå land i kategori III (resten av EU-landa) vart det innført 77 dyr, 68 hundar og 9 kattar. Det var 67 dyr (59 hundar og 8 kattar) utan merknad. Ein katt frå Latvia mangla ekinokokkosebehandling og det var berre 73 dagar frå rabiesvaksinering til blodprøve. Antistofftiteret var > 0,5 IE/ml. Ingen reaksjon frå VT.
- Av hundane var det 5 som mangla ekinokokkosebehandling. Desse vart sende til veterinær eller Falck. Ved eit høve vart veterinær tilkalla og hunden behandla i påsyn av VT. I tillegg kom 2 hundar frå Italia der det var gått 20 dagar frå ekinokokkosebehandling til innførsel (altså ikkje innafor dei lovbestemte 10 dagane). For 2 andre hundar var det ikkje undersøkt for antistofftiter etter rabiesvaksinering (ikkje dokumentasjon). Ingen reaksjon frå VT.
- Frå land i kategori IVa (Listeførte 3.land, Vedlegg 2, Del B, seksjon 2 som omfattar Andorra, Sveits, Kroatia, Island, Liechtenstein, Monaco, San Marino og Vatikanstaten) var det 1 hund frå Kroatia. Det var ingen merknad til denne hunden.
- For land i kategori IVb (Listeførte 3.land, Vedlegg 2 Del C: Russland, Kviterussland og 38 land utanfor Europa) var det 3 innførslar av kjæledyr, to hundar frå USA og ein katt frå Canada. Det var ingen merknadar til desse innførslene.
- Frå land i kategori V som utgjør alle andre land var det to importar. Ein hund frå Ukraina hadde rabiesvaksinasjon og antistofftiter i orden, men mangla ekinokokkosebehandling. Mattilsynet sørger for ekinokokkosebehandling, elles ingen reaksjon. Skulle antakeleg vore sett i karantene, tilbakesendt eller avliva ut frå gjeldande regelverk. Ein hund frå Tyrkia hadde rabiesvaksine og antistofftiter i orden, men mangla ekinokokkosebehandling. Sendt til karantenestasjon.

I denne gruppa var det altså avvik ved innførsel av 15 hundar og 1 katt.

3.2. Tilsyn gjort ved campingplassar o.l.

- Totalt 8 dyr kontrollerte, 7 hundar og 1 katt.
- For dyr frå land i kategori I (Sverige) er det innført 1 hund og 1 katt. Hunden var behandla i samsvar med regelverket, medan katten mangla ekinokkosebehandling. Det vart gitt beskjed om å halde katten i bobilen til den var attende i Sverige. Oppsamling og destruksjon av all avføring i mellomtida.
- For dyr frå land i kategori II (vedlegg 2, del A, Irland, Malta, UK) vart ingen stoppa utanom grensepassering.
- For dyr innførte frå land i kategori III (resten av EU-landa) vart det innført 6 hundar. Av desse hundane var det 2 hundar som mangla andre gongs ekinokkosebehandling. Den eine vart vist til lokal veterinær, medan den andre skulle returnere til Danmark i løpet av to døgn.

Frå dei andre kategoriane land var det ingen dyr på campingplassane.

I denne gruppa var det altså avvik ved innførsel av to hundar og ein katt.


3.3. Oppsummering av korleis reisande hadde tileigna seg nødvendig informasjon om regelverket

Vi fekk tilbakemelding om dette gjeldande for 55 innførte dyr av i alt 105.

I 20 tilfelle opplyste eigar at dei har fått informasjon frå Mattilsynet på ein eller annan måte, medan 16 opplyste at dei hadde fått informasjon på mattilsynet.no. Av dei som svarte hadde 10 fått informasjon frå anna internett-side. Det var 22 som opplyste at dei hadde fått opplysningar frå sin veterinær, 10 hadde fått opplysning frå hundeklubb, 2 frå katteklubb, 1 frå ambassade, 1 frå sin automobilklubb og ein hadde lest om det i ei avis i heimlandet. Nokre opplyste både om mattilsyn, hundeklubb og veterinær som kjelde. Vi har difor ingen god statistikk på dette, men vi ser kva for kjelder som er dominerande.

Oppsummert kan vi slå fast at Mattilsynet, både telefon og nett, veterinærklinikkar og hunde- og katteklubbar er dei viktigaste kjeldene til informasjon så langt, og at alle desse ser ut til å vere like viktige som informasjonskjelder. Mattilsynet må difor sørge for riktig og god informasjon ut, både på nett, men også direkte til veterinærar i smådyrpraksis og til hunde- og katteklubbar.

3.4. Nøkkeltall for inspeksjonar og vedtak



Forklaring til inndeling av land i ulike kategoriar (i samsvar med *FOR 2004-07-01 nr. 1105- forskrift om transport av kjæledyr*):

Kat. I: Sverige

Kat. II: UK, Irland og Malta

Kat. III: Resten av EU-landa


Kat IVa: Listeførte 3.land, vedlegg 2-del B: Andorra, Sveits, Kroatia, Island, Liechtenstein, Monaco, San Marino og Vatikanstaten

Kat. IVb: Listeførte 3.land, vedlegg 2-del C: Russland, Kviterussland og 38 land utanfor Europa

Kat. V: Utgjer alle andre land

Mattilsynet fører tilsyn og fattar vedtak i medhald av denne forskrifta. Toll utfører dokumentkontroll ved innførsel av hund og katt frå land i kategori I,II,III og IVa.

Innførslar og avvik



Alle avvik med omsyn til rabiesvaksine gjaldt manglande blodprøve for testing av antistoff eller at denne prøven var tatt på feil tidspunkt. Totalt var det avvik hos 19 av i alt 105 dyr, noko som tilsvarar rundt rekna 18 %.

Kapittel 4: Vurdering

Resultata som dette regionale prosjektet har avdekt, er kanskje ikkje veldig overraskande. Det slår mellom anna fast kor viktig kommunikasjon er, både internt og opp mot brukarar/tilsynsobjekt og samarbeidspartnarar. Ved å vere bevisste på å halde personale ved alle grensestasjonar (Toll og Politi) godt oppdaterte, har vi ei særskild god hjelp til å få avdekt innførsel av kjæledyr som ikkje er i samsvar med regelverket.

4.1. Informasjon

Informasjon om kva farar ein skal vere merksam på ved innførsel av kjæledyr, må bli lettare tilgjengeleg. Informasjon må leggjast ut på stader der mykje turistar med kjæledyr ferdast. Brosjyrar må leggjast ut på ferjer, campingplassar, rorbuer med meire. Vi må også vere meir aktive med å informere personar som driv slike stader og som naturleg kjem i kontakt med turistar.

Vi ser det som særskild viktig å få ut informasjon til:

- brukarane (dei som reiser med kjæledyr over landegrensene). Informasjon bør leggjast ut på stader for grensepassering og grensestasjonar, men også stader der turistar med kjæledyr gjerne ferdast. Brosjyrar kan t.eks. leggjast ut på campingplassar, ferjer, rorbuer og liknande.
- Toll gjer mykje tilsyn på vegne av Mattilsynet for å avdekke ureglementert innførsel. Dette synest å vere særskild ressurseffektivt, men krev at Mattilsynet gjer ein god jobb m.o.t. opplæring av Toll. Mattilsynet må også sørgje for godt informasjonsmaterieil som Toll kan nytte. Dette kan vere både plakatar og brosjyrar for utdeling, i tillegg til informasjon retta mot Toll (praktisk informasjon).
- Politi og Falck Redning AS er andre grupper som kan kome borti saker der kunnskap om kva krav som gjeld ved innførsel er viktig. Dei må også få opplæring av Mattilsynet på dette området.

Godt over halvparten opplyste at dei sjølve aktivt hadde fått kjennskap til regelverket. Ein del av avvika som vart avdekte, kan sjå ut til å ha si årsak i eit sprikande regelverk innanfor EØS. Dette vert sannsynlegvis enklare etter at regelverket vert endra ved nyårsleite. Samstundes vil ei lette i krav til dokumentasjon av helsetilstanden hos kjæledyr på reise, lett kunne føre til at nye sjukdommar kjem inn i landet. Meir enn nokon gong vil det difor bli nødvendig med god og lett tilgjengeleg informasjon på mange ulike språk.

4.2. Handtering ved avvik

Falck Redning AS har etter kvart fått som oppgåve å oppstalle og isolere kjæledyr fleire stader i landet på vegne av Mattilsynet og Toll. Vi er sikre på at fleire manglar er avdekte ved grensepassering som følgje av at dette prosjektet vart starta opp. Allereie etter det første møtet med Værnes Toll i mars, ser vi at det blir avdekt fleire avvik. Det vil seie at fleire dyr enn tidlegare er blitt innbrakte til Falck Redning AS for å verte isolerte der inntil Mattilsynet har gjort vedtak/ sakshandsaming. I den samanhengen har vi sett at det er nødvendig å forbetre både avtalar og rutinar i høve til Falck Redning AS for å ivareta både dyrevelferd, folkehelse, dyrehelse og den dokumentasjonsmessige delen ved innførsel som ikkje er i samsvar med regelverket.

4.3. Tilsyn

Vi ser også at god ressursutnytting tilseier at tilsyn i hovudsak bør gjerast ved grensepassering. Det er mykje å hente på godt samarbeid og god opplæring av Toll. Samarbeid med andre etatar som Politi, Falck og andre som har kontakt med personar som kjem reisande med kjæledyr, er også ressurs-sparande og absolutt nyttig for å oppnå målet om minst mogleg innslepp av nye sjukdommar.

4.4. Nytt regelverk gjeldande frå 1. januar 2012

Den største endringa i Forskrift om ikkje-kommersiell transport av kjæledyr omfattar krav til blodprøve for å stadfeste at ønska antistoffnivå er nådd etter rabiesvaksinering. Noreg har vore eit av få land innafør EØS/ EU som har hatt krav til sjekk av antistoff-nivå. Tidspunkt for denne blodprøva var tidlegast 120 dagar etter siste rabies-vaksinasjon for å kunne gi dokumentasjon på at tilstrekkeleg antistoff-nivå var nådd (dvs. over 0,5 IE/ml). Dette kravet er no tatt bort og hund, katt og ilder kan innførast lovleg 21 dagar etter siste rabiesvaksinasjon så lenge dyret er grunnimmunisert og vaksine vedlikehalde etter vaksineprodusentens anbefalingar.

Det har også vore på tale å samordne kravet til behandling mot dvergbandelormen (*Echinococcus multilocularis*) slik at ein stort sett har same krav til behandlingsregime innafør EØS. Noreg (fastland) er i tillegg til Finland i ei særstilling i Europa når det gjeld å vere fri for denne parasitten. Noreg har difor valt å oppretthalde kravet til to behandlingar, dvs. behandling i løpet av dei siste 10 dagane før innreise til Noreg og ny behandling i løpet av dei første 7 dagane etter grensepassering inn til Noreg. Begge desse behandlingane skal vere stadfesta av veterinær i dyret sitt pass. Frå Sverige er det tilstrekkeleg med ei behandling i løpet av dei siste 2 døgera før innreise til Noreg. Her held det med utfylt eigenerklæring frå eigar.

Vurderer ein resultatata i prosjektet opp mot nytt regelverk, er det framleis eit avvik når det gjeld 16 dyr, dvs. omlag 15 %.

Kapittel 5: Evaluering

Prosjekt innførsel hund og katt har vore gjennomført som eit regionalt prosjekt. Prosjektgruppa har samarbeidd særst godt! Det har vore nyttig å ha ein representant frå kvart av fylka i regionen då problemstillingane er ganske ulike. I Nord-Trøndelag har ein mange grensepasseringar medan ein i Møre og Romsdal har mange bobilturistar. Vi har også vore særst nøgde med å ha Jostein Dragset som regional koordinator.

I rapporten har vi skrive om kontakt med samarbeidspartnarar som først og fremst Toll og kor viktig den har vore for begge partar. Vi har også sett at ei nær oppfølging av Toll har gjort at mange fleire avvik er oppdaga enn det som har vore tilfellet tidlegare. Vi opplever den kommunikasjonen som vi har hatt med Toll som særst god.

Kommunikasjon byr imidlertid stadig på nye utfordringar. Vi hadde mellom anna kontakt med Adresseavisa fordi vi ønskte at dei skulle skrive om tilsynskampanjen vår og vere med å opplyse hunde- og katteeigarar om smittefare og utfordringar om dvergbendelormen får innpass i Noreg. Vi vart difor skuffa over å få eit avisoppslag i Adresseavisa som vi slett ikkje var førebudde på. Vi prøvde å få fokus på farar ved innførsel av kjæledyr, medan oppslaget bidrog til å ufarleggjere det heile.

Vi vil også understreke at kommunikasjon i eigen organisasjon, både horisontalt og vertikalt, kan bli betre. For å sikre dette er det viktig at alle ledd innimellom har felles møtepunkt.

VEDLEGG:

Vedlegg 1: Brosjyre (nynorskutgåve)

Vedlegg 2: Veiledning til ikke kommersiell transport av kjæledyr

Medarbeidarar i region Trøndelag, Møre og Romsdal kan finne dokument nytta i prosjektet på prosjektets fellessider: (F:\Region Trøndelag, Møre og Romsdal\Alle i Regionen\Tilsyn\Prosjekter\Regionale prosjekter - 2011\Prosjekt innførsel hund og katt)¹

For eksterne lesarar kan meir informasjon innhentast ved å kontakte Gunnaug Ribe, Mattilsynet, Distriktskontoret for Trondheim og Orkdal (togri@mattilsynet.no)

¹ Dokument til bruk for Mattilsynet sitt tilsyn:

<F:\Region Trøndelag, Møre og Romsdal\Alle i Regionen\Tilsyn\Prosjekter\Regionale prosjekter - 2011\Prosjekt innførsel hund og katt\Prosjektvegleiar endeleg versjon 31.mai.doc>
[Sjekkliste prosjekt versjon 1.3..xls](#)
[Kravpunktmal prosjekt innførsel hund og katt.xls](#)

Brosjyrar:

[Brosjyre dvergbendelorm tysk.doc](#)
[Infoskriv dvergbendelorm engelsk.docx](#)
[Infoskriv dvergbendelorm norsk bokmål.doc](#)
[Infoskriv dvergbendelorm NYnorsk \(3\).doc](#)

Foredrag frå temadag:

[Regionalt prosjekt innførsel hund og katt 2011.ppt](#)
[Echinococcus multilocularis.ppt](#)
[Sjekk av kjæledyrpass](#)
[Utfordringer ved innførsel.ppt](#)
[Kontroll ved innførsel av hund og katt](#)
[Privat import av varer av animalsk opprinnelse.ppt](#)
[CITES 31.5.2011.pptx](#)

Vedlegg 1

REGLAR FOR Å UNNGÅ Å DRAGE MED SEG REVENS DVERGBENDELORM (*Echinococcus multilocularis*) VED INNFØRSEL AV HUND OG KATT TIL NOREG:



Informasjon: www.mattilsynet.no → Import og eksport → Reise med kjæledyr

Frå Finland: Dersom hunden eller katten har opphalde seg i Finland dei siste 12 månader eller sidan fødselen berre har opphalde seg i Finland treng dyret inga behandling mot dvergbendelormen (*Echinococcus multilocularis*).

Frå Sverige: Behandle alle kattar og hundar eldre enn 3 månadar i løpet av dei siste 48 timar før innreise med eit godkjent parasittmiddel mot *Echinococcus multilocularis*. Ved hyppige grensepasseringar frå Sverige kan eit alternativ vere å behandle minst kvar 28. dag.

Frå alle andre land: Behandle alle kattar og hundar med eit godkjent parasittmiddel i løpet av dei siste 10 dagar før innførsel i tillegg til ny behandling i løpet av dei første 7 dagar etter innførsel. Begge behandlingane skal attesterast i passet av veterinær.

Godkjente parasittmiddel mot *Echinococcus multilocularis* må innehalde det aktive stoffet prazikvantel eller epsiprantel. I Noreg er følgjande preparat reseptfritt: Droncit vet.

Parasittbehandlinga drep ikkje egg, difor skal avføring plukkast opp og kastast i hushaldningsavfall som går til forbrenning i dei første 7 dagane etter behandling, eller inntil andregangs behandling er gjennomført.

Ved innførsel av hund og katt til Noreg frå dei fleste EU/EØS-land eller listeførte 3.land er det i tillegg krav om pass/ veterinærsertifikat frå 3.land, identitetsmerking (chip) og krav om rabiesvaksine + 21 dagar ventetid etter grunnimmunisering. Frå ikkje-listeførte tredjeland er det fleire krav, m.a. krav til blodprøvekontroll etter rabiesvaksinering og ekstra ventetid (sjå www.mattilsynet.no)



REVENS DVERGBENDELORM

ECHINOCOCCUS MULTILOCULARIS

**SLEPP DEN IKKJE INN
I NORSK NATUR**



UTBREIING:

Revens dvergbandelorm (*Echinococcus multilocularis*) er ikkje påvist i fastlands-Noreg, men den finst på Svalbard og i vinter blei den påvist i Sverige for første gong.

I Europa finst den først og fremst i Mellom-Europa og opp til Danmark og også nordaust i Europa. Utbreiinga i Europa aukar. Den er også utbreidd på andre kontinent.

LIVSSYKLUS:

Vaksne parasittar (1, 2 – 3,7 mm) finst i tynntarmen til hovudverten (rev, hund og katt). Desse produserer hundrevis av egg som kjem ut med avføringa. Avføringa blir tatt opp av mellomverten, mus eller andre smågnagarar. Egga vert klekte og parasittlarvane går med blodet til lever eller andre organ der larvane vert utvikla vidare som eit svulstaktig vev. Smågnagarane blir etne av hovudverten der larven utviklast vidare til vaksen parasitt i tynntarmen.

MENNESKE og andre pattedyr kan av og til fungere som mellomvert dersom dei får i seg parasittegg. Menneske kan få i seg parasittegg ved kontakt med smitta hundar og kattar, eller ved å ete bær eller sopp som er infisert med parasittegg.

Menneske infisert med dvergbandelormlarvar kan vere symptomfrie i mange år. Vanlege symptom kan være hovudverk, oppkast og magesmertar. Dersom det vert utvikla parasittære nydanningar i lever, lunge eller hjerne, kan det vere dødeleg dersom dette ikkje blir behandla. Menneske med denne parasittsjukdomen må ha livslang behandling.


Kjem parasitten inn i norsk fauna eller flora, kan konsekvensen bli at vi ikkje kan ete bær rett frå tuva utan foregåande skylling/koking for å sikre oss mot sjukdom.

LIVSSYKLUS FOR REVENS DVERGBENDELORM

Hovudvert (kjønna formeiringsstadium): REV, hund og katt

Mellomvert: Smågnagarar

MENNESKE kan også bli smitta dersom dei får i seg parasittegg!
Dette kan føre til sjukdom som kan vere dødeleg!



Voksen bandelorm i tynntarmen blir 1,2 til 3,7 mm lang.

Vedlegg 2

Veiledning til ikke kommersiell transport av kjæledyr



Mattilsynet fører tilsyn og fatter vedtak i medhold av FOR 2004-07-01 nr 1105 – forskrift om transport av kjæledyr.

Tollvesenet utfører dokumentkontroll ved innførsel av hund og katt fra land i kategori 1, 2, 3 og 4a.

		Tollvesenet	Mattilsynet
<i>Kategori 1</i>	Sverige	<i>Dokumentkontroll</i>	
<i>Kategori 2</i>	UK, Irland og Malta ¹	<i>Dokumentkontroll</i>	
<i>Kategori 3</i>	Færøyene og alle EU -land unntatt Sverige, Malta, UK og Irland	<i>Dokumentkontroll</i>	
<i>Kategori 4a</i>	Listeførte tredjeland (Vedl. II, del B, avsnitt 2) ⁴	<i>Dokumentkontroll</i>	
<i>Kategori 4b</i>	Listeførte tredjeland (Vedl. II, del C) ⁴		<i>Undersøkes av Mattilsynet lokalt</i>
<i>Kategori 5</i>	Ikke listeførte 3.-land ^{2,3}		<i>Mattilsynet på Grensekontrollstasjoner</i>

¹ Malta behandles som et Kategori2-land

² Svalbard og Jan Mayen er inntil videre i Kategori 5, men forvaltes som Kategori 4a

³ Grønland er et "Ikke listeført 3. land", kategori 5.

⁴ Listeførte tredjeland er oppført i side 1 i vedlegget eller se [mattilsynet.no/reise med kjæledyr/](http://mattilsynet.no/reise-med-kjæledyr/) listeførte tredjeland

Ad Kategori 1: Hund og katt fra Sverige skal være behandlet mot ekinokokker de siste 48 timer før innførsel. Regelmessig innførte dyr fra Sverige til Norge skal behandles hver 28. dag, siste beh. innen 28 dager etter siste innførsel. Unntatt er kattunger/valper < 3 mndr.

Ad Kategori 2: Dyr og nødvendige dokumenter skal uoppfordret forevises Tollvesenet for kontroll (se FOR 2004-07-01 nr 1105, § 10, 1. ledd).

Krav: Pass (navn på dyrets eier og en beskrivelse av dyret)

Gyldig ID-merking (dokumentert i passet, microchip el. lett leselig tatovering)

Ekinokokkosebehandling max. 10 dager før innreise (dokumentert i passet)

(gjelder ikke hund og katt som de siste 12 mndr. kun har vært i **Finland***, Sverige el. Norge, se Forskriften § 8, 3. ledd) Behandling mot **flått** er anbefalt, men ikke påbudt.

Dersom disse kravene er oppfylt kan dyret komme inn i landet uten annen kontroll.

* **Finland** er et Kategori 3-land, men annet krav mhp Ekinokokkosebehandling.

Ad Kategori 3: Dyr og nødvendige dokumenter skal uoppfordret forevises Tollvesenet for kontroll (se FOR 2004-07-01 nr 1105, § 10, 1. ledd).

Krav: Pass (navn på dyrets eier og en beskrivelse av dyret)

Gyldig ID-merking (dokumentert i passet, microchip el. lett leselig tatovering)

Ekinokokkosebehandling max 10 dager før innreise (dokumentert i passet).

NB. Annet krav for **Finland**, se over. Beh. mot **flått** er anbefalt , men ikke påbudt.

Rabiesvaksinert med inaktivert vaksine, og eventuelt revaksinert innen tidsfristen (dokumentert i veterinærattest/pass)

Dokumentert tilstrekkelig høyt rabiesantistofftiter i blodprøve tatt fra 120 dager etter vaksinasjon til senest den dagen vaksinasjonens gyldighet utløper.

(Vaksinasjonens gyldighet må være påført i passet eller på vaksinasjonsattesten)

Dersom disse kravene er oppfylt kan dyret komme inn i landet uten annen kontroll.

Ad Kategori 4a: Som for Kategori 3

Ad kategori 4b: Ved grensepasseringen skal kjæledyr undersøkes av **det lokale Mattilsynet** som skal være varslet minimum 48 timer før ankomst.

Krav: Veterinærsertifikat eller, ved tilbakeførsel, **pass** (navn på dyrets eier og beskrivelse av dyret)

Gyldig ID-merking (Mikrochip el. tatovering, dokumentert i veterinærsertifikat el. pass)

Ekinokokkosebehandling (dokumentert i veterinærsertifikat el. pass) max 10 dager før innreise. Behandling mot **flått** er anbefalt men ikke påbudt.

Rabiesvaksinert med inaktivert vaksine, og evt. revaksinert innen tidsfristen (dokumentert i veterinærsertifikat eller pass/veterinærattest).

Dokumentert tilstrekkelig høyt rabiesantistofftiter i blodprøve tatt fra 120 dager etter vaksinasjon til senest den dagen vaksinasjonens gyldighet utløper.

(Vaksinasjonens gyldighet må være påført veterinærsertifikatet eller pass/vaksinasjonsattest.)

Ad kategori 5: Hund og katt fra ikke listeførte 3.-land **skal kun komme inn over en Grensekontrollstasjon, enten Gardermoen eller Storskog. Må avtales på forhånd.**

TILLEGG:

1: Dyr fra Svalbard og Jan Mayen, forvaltes som **kategori 4a**, dvs Tollvesenet kontrollerer. Det er tilstrekkelig med egenerklæring for Ekinokokkosebehandling.

2: Farlige hunderaser tillates ikke innført til Norge: Pitbullterier, Amerikansk staffordshire terrier, Fila brasileiro. Toso inu, Dogo argentino og alle hundetyper som er en blanding av hund og ulv

3: Uvaksinerte valper og kattunger under 3 måneder fra land som regnes som rabiesfrie (se mattilsynet.no, inf. av hund og katt < 3 mndr.) unntatt Sverige, Irland og UK, krever tillatelse fra Mattilsynet, Distriktskontoret. Kjøper i Norge skal søke om slik tillatelse. Den nye eier eller repr. for denne **skal** følge med dyret under transporten. **Tollvesenet** utfører grensekontrollen, **dokumentkontroll som for kategori 2,3 og 4a.**

4: Unntatt fra karantene er norske tjenestehunder som tilbakeføres etter oppdrag for politi, tollvesen, forsvaret, Norske Redningshunder og førerhunder sammen med blinde el. svaksynte, dersom de er rabiesvaksinert og blodprøveundersøkt som hunder fra

listeførte 3.-land (som kategori 4a og 4b).

Når vilkårene for grensepassering ikke er oppfylt for dyr i kategori 1 til 5 skal dyret:

1: Omgående tilbakeføres. Dersom dette er umulig, kan Mattilsynet fatte vedtak om:

2: Isolering inntil dyret kan tilbakeføres, eller

3: Avliving

Telefonnummer:

Mattilsynet, Nasjonal beredskapsvakt:	991 18 000	el. 06040
DK Sør Innherred:	74 01 29 00	fax: 74 01 29 01
DK Trondheim og Orkdal	73 98 53 30	
RK= Mattilsynet, Regionkontoret:	74 11 32 00	
Tollvesenet, Værnes:	911 99 802	
Tollvesenet, Midt-Norge	918 23 704	
Grensekontrollstasjon Gardermoen:	64 82 04 00	fax: 64 82 04 01
	E-post: BIP-gardermoen@mattilsynet.no	
Grensekontrollstasjon Storskog:	78 97 00 40/ 957 79 121	fax: 78 97 00 49
Eidsvoll Quarantine Station:	63 96 44 10	fax: 63 95 40 24
	E-post: post@eidsvollhundogkatt.no	
Vestberg karantenestasjon, Skiptvedt:	69 80 85 80	fax: 69 80 85 90
	E-post: vestkara@online.no	
FALK:	73 95 78 50	